



www.voss.kyrkja.no

Nr 1 | 2026 | 85. år

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



PÅSKE I
VANGSKYRKJA

5

FASTE-
AKSJONEN

6

MØT KYRKJE-
TENARANE

8-9



Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens

Tlf 905 82 101.

E-post: kyrkjentytt.voss@kyrkja.no

Grafisk produksjon: Wenche Horvei

Trykkeri: Molvik Grafisk AS

Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidedeilete: Åshild Bøe Kharazmi

Voss kyrkjelege fellesråd:

Fellesrådsleiar Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

Kyrkjeeverje Tor Ivar Johnsson

Tlf 468 72 909. E-post: tj656@kyrkja.no

Assisterande kyrkjeeverje

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, trusopplæring

Åshild Bøe Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084. E-post: fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695. E-post: eb457@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger Nora Mykkeltvedt

Tlf 952 79 970.

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

Soknerådsleiarar:

Evanger og Bolstad: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss: Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim: Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

Neste nummer kjem
i midten av mai.

Frist for innlevering av stoff er
fredag 24. april.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Arnulf Sandvik

Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/ Måndag-fredag 10-14

telefontider: Onsdag 12-14

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,
PB 49, 5701 Voss

Telefon: 56 52 38 80

E-post: post.voss@kyrkja.no

Heimeside: www.voss.kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Besøk gjerne heimesida vår:

www.voss.kyrkja.no

Her finn du informasjon om
gudstenester, trusopplæringstiltak,
påmelding til dåp og mykje anna.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).



Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5

(Kyrkjeturnet),

tlf. 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Tor Ivar Johnsson.



PÅSKA

- ei feiring av livet

Andakt av Arnulf Sandvik, prest i Vinje, Oppheim og Raundalen sokn

Påska er ei feiring av livet. Påskehøgtida minner oss om Jesu siger over døden. Jesus Kristus sona menneska sine synder, fór ned til dødsriket og stod opp att frå dei døde. Jesus vann over alt det vonde og er sigerherren over livet. Jesus seier: Eg lever, og de skal leva. Det gjev oss håp og glede.

Salmen på nr. 207 i Norsk salmebok, «Livet vant, dets namn er Jesus», set fylgjande ord på påskebodskapen (vers 1 og 4):

*Livet vant, dets navn er Jesus. Halleluja.
Han var død, men se han lever. Halleluja.
Dødens porter åpner han, halleluja,
viser vei til livets land. Halleluja.*

*Jesu døde for oss alle. Halleluja.
Vi skal leve for hverandre. Halleluja.
Jesus oppstod, så skal vi, halleluja,
oppstå til et evig liv. Halleluja.*

Tekst: Olov Hartman. Omsett av: Eyvind Skeie

Våren i naturen

Våren er også på mange måtar ei feiring av livet. Det er ei heil andakt berre å spasere ute i naturen og sjå alt livet som har byrja å røre på seg. Dyr og plantar har vore gjennom ein lang, mørk og kald vinter. Men med sola og varmen har alt levande vakna til liv. Døden og alt det triste er overvunne av dei livgjevande solstrålane. Tankane mine dveler ved Jesus, som har sigrar over døden og alle dei øydeleggjande kreftene.



Foto: Pixabay

Kvitveisen

Kvitveisen er mellom dei første plantane som blomstrar. Sjølv om det er snø rundt henne og tele i jorda, er kvitveisen utruleg kjenslevar for sol og varme. Det fortel meg at når vi har eit varmt fellesskap, skal det ikkje mykje til før folk blomstrar.

Løvetanna

Sjølv om løvetanna blir sett på som ugras, er ho ei imponerende plante. Ho er i stand til å dukke opp overalt. Sjølv gjennom den hardaste asfalten klarer løvetanna å sprengje seg gjennom og blomstre. Det fortel meg at når vi menneske får leve i Guds kjærleiks lys, er vi i stand til å overvinne alle hinder og vanskar.

Våren er ei feiring av livet. Sol og varme gjer at både menneske, plantar og dyr vaknar til liv. Bibelen fortel at Gud er menneske si sol. Når vi får leve i hans lys og varme, vil vi blomstre og leve. Guds kjærleik kan overvinne alt vondt. Livet er sterkare enn døden. Døden er overvunnen. Jesus lever, og vi lever med Han.



Skann qr-koden, så
kjem du rett inn på
påske-aktivitetssida!



Foto: Kirkerådet/Privat.

Påskeaktiviteter for heile familien

God påske til heile familien! Har de lyst til å læra om påsken eller gjera noko kreativt saman? På heimesida til Den norske kyrkja finn de tips til aktiviteter som kan gjerast inne og ute i påska. Her er det mellom anna påskequizar

(Kahoot), påskeforteljinga med bilete/video og fleire forslag til kreative aktiviteter.

Kva med å laga ein mini-påkehage? Dette er ein kjekk aktivitet å gjera saman, og medan de lagar påkehagen kan

de snakka saman og kva som hende i påska: om Jesus som døydde på korset, vart lagt i ei grav, og at han stod opp att. Påkehagen er også fin som dekorasjon på eit bord.

Ord til ettertanke

den store krossen
den vesle krossen du ber med deg
møter og mjuknar deg
det som skjedde den gongen står fast

eg kjenner hans merke på panna mi
hans velsigning over dagane
gleda frå han som kan bere alt

@hildedjup

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik

Velkomne til
«Påska i ord
og tonar»
langfredag
i Vinje kyrkje kl. 20.00

Det vert tekstlesing,
korsong og salmesong
som tek oss
gjennom påskeveka frå
palmesundag til påskedag.
Songkoret Strendingen
deltek med song.

De er varmt velkomne
til ei fin stund i kyrkja!



Illustrasjon: Pixabay

Dei siste 2 åra har vi i Vangskyrkja hatt fokus på ei liturgisk samanhengande påskefeiring. I år skal vi gjenta denne feiringa med gudsteneste skjærtorsdag, langfredag og påskenatt. Saman med den vanlege høgtidsgudstenesta 1. påskedag skal desse gudsteneste utgjere ein heilskap som tek kyrkjelyden med gjennom dei store emosjonane og dramatiske hendingane som skjedde den påska Jesus døydde og stod opp.

Skjærtorsdag (02.04 kl. 19.00) er dagen Jesus feirar det siste måltidet med disiplane sine, før han går ut i Getsemane for å be, der han blir teke til fange. Gudstenesta startar som ei vanleg hovudgudsteneste med nattverd. Det er avslutninga på gudstenesta som er spesiell. Etter at nattverden er ferdig blir siste salme sunge. Så blir det lese eit utdrag frå teksten frå Getsemane, med roleg bakgrunnsmusikk, før alteret blir dekt av. Alterlysa blir sløkte, og lysa i kyrkja elles blir òg sløkte. Så blir alterlys, messehakel, blomstrar, nattverdsutstyr og alt anna på alteret borte, før alteret blir dekt til av eit svart klede. Til utsending seier liturgen «Timen er komen. Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender. Stå opp, lat oss gå!», og folk går ut i natta.

Langfredag (03.04 kl. 11.00) finn vi kyrkja slik vi forlét den kvelden før, med alteret tildekt og lysa sløkte. Gudstenesta er veldig annleis enn elles, med lite liturgi, og mykje musikk. I staden for tre ulike tekstar, blir lidingshistoria lesen, med musikk mellom tekstdelane før det blir ei

kort preike. Etter preika har vi ein krossmeditasjon, der krossen blir boren inn, før den blir sett i koropninga. Så blir det spelt musikk og folk kan meditere over Jesu offer på korset, anten i benkeradene, eller ved å komme fram og knele ved krossen. Etter ei lengre forbøn blir gudstenesta avslutta. Både skjærtorsdag og langfredag blir velsigninga utelaten i slutten. Dette blir gjort for å markere samanhengen mellom dei tre gudstenestene, slik at dei kan sjåast på som ei lang gudsteneste som strekkjer seg over tre dagar, snarare enn tre separate seremoniar.

Påskenattgudstenesta (04.04 kl. 23.00) eller Påskevigilia er den eldste kjende forma for vigilie (vake-natt) som er kjent i kyrkja, og har røter tilbake til det andre hundreåret. Utvalde delar av det gamle testamentet vart då lese gjennom natta. Dåp av nye kristne fann også stad i denne gudstenesta. I vår tid er liturgien for vakegudstenesta på påskeaftan restaurert, og består no av ei innleiing med lys, lesing av tekstar frå det gamle

testamentet og dessutan frå romarbrevet og evangeliet, påminning om dåpen og nattverdsfeiring. Det er starten av gudstenesta med lysprosesjonen som er det aller mest spesielle med denne gudstenesta, men også den lange tekstlesinga med bønner mellom tekstane er heilt spesiell. Alteret skal dekkjast igjen, lysa tennast og gloria skal syngast for første gong sidan fastelavnssøndag, for i denne natta stod Jesus opp frå dei døde, vann over døden og gav oss liv og håp.

Vi håpar at du har lyst til å markere dei heilage tre dagar saman med oss i Vangskyrkja, og på den måten dykke djupare inn i korsfestingas lidning, og oppstandelsens glede. Du er sjølv sagt også hjarteleg velkommen til høgtidsgudsteneste 1. påskedag klokka 11.00, og 2. påskedag klokka 19.00. Gudstenesta 2. påskedag skal ha eit lettare preg, med band og dåp av konfirmantar.

Vel møtt!

Hans-Christian Küspert
– sokneprest på Voss



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon bidreg norske kyrkjelydar til at menneske kan få livs-viktig støtte. Tsion (12) og Gaba (13) har fått reint vatn i landsbyen i South Omo sør i Etiopia.

Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livs-viktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tekst: Åsne Gullikstad | Foto: Håvard Bjelland

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var

ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD). Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vass-post.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert

ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

FAKTA

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40.000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

Etiopia

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- Plassering: Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- Innbyggjarar: 132 millionar.
- Hovudstad: Addis Abeba.
- Religionar: Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

Fasteaksjonen lokalt

Tekst: Rønnaug Eng Skjeldal

Konfirmantane i Voss herad har ein lang tradisjon med å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon. I løpet av åra har fleire tusen menneske fått varig tilgang til reint vatn. I år håper me vossingane vil vera med å gje slik at enno fleire kan få vatn for resten av livet. Årets aksjonsdagar er 22.-24. mars 2025. Evanger og Bolstad måndag 23. mars. Vossestrand, Voss og Granvin 24. mars. I år vil ikkje konfirmantane i Voss og Raundalen sokn ha med seg bøsser. Men dei vil banke på dører og minna folk om å gje via VIPPS eller på konto-nummer. Beløpet vert registrert der eigar av telefonen/Vipps bur.

Me støttar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

BLI MED



22.-24. mars 2026

Vipps: 2426 | SMS: Vann til 2426 (300 kr) | Fasteaksjonskonto: 1594 22 87493

Nytt tilbod:

Open møteplass i Prestegarden

Tilbodet Open møteplass vart til då Signy Tunes fekk ideen om å lage til ein møteplass midt i veka, både for dei som går i kyrkja og andre som berre har lyst å komme innom for ein kopp kaffi, litt og bite i og ein god prat.

Tekst og foto: Anja Slåtten

Signy er frivillig i kyrkja, både som klokkar og initiativtakar til dette tilbodet. Ho tykkjer det er veldig kjekt å samlast etter gudstenesta og ta ein kopp kaffi, enten bak i kyrkja eller i Prestegarden. Men ho sakna eit møtepunkt, der ein har litt betre tid til å verte kjent. Tilbodet er tenkt å vere eit lågterskeltilbod for alle. Du er velkomen innom på kaffi og litt å bite i, ein god prat eller berre komme, sitje ned og senke skuldrene.

– *Driv du aleine, eller har du fleire med deg?*

– Eg har med meg nokon som hjelper til, men det er behov for fleire. Hittil har eg organisert dette aleine, men det hadde vore kjekt om me var fleire om det.

– *No sit Brita Glimme her med deg i dag, ei av dei som*

trufast har hjelpt til. Korleis synes du det er å vere med her?

– Veldig hyggjeleg. Eg har jo tid, og torsdagen passer veldig godt. Det er ikkje alle som likar å gå på kafé, då er dette tilbodet veldig fint, synes eg.

Signy legg til: – Sjølv om tilbodet ikkje er så kjent endå, er der nokon som kjem kvar gong. Her vert nye møter mellom menneske, og det er kjekt å verte betre kjend. Det har og blitt at ein møter kvarandre utanom dette tilbodet og. Nokon har komme med innspel at me må marknadsføre tilbodet litt betre, så me har no hengt opp plakatar litt fleire plassar.

– *Kor lenge har de halde på?*

– Me opna i september i fjor. Så det held på å



Signy Tunes og Brita Glimme ynskjer velkomen til open møteplass i Utrågata 5 (Prestegarden).

gå seg til, vert litt forma etter kvart som det utviklar seg og.

– *Har det blitt som du hadde sett for deg?*

– Eg veit ikkje heilt kva eg hadde sett for meg, men me har fått mange gode stunder og gode samtaler. Me vil at dei som kjem skal kjenne seg sett og høyrte, og ha det godt. I fjor haust då me starta opp hadde me musikkstund i Vangskyrkja før me samlast i Prestegarden. Organist

Gohar Marandyan spelte. Det var ei nydeleg stund.

– *Og de har ope kvar torsdag?*

– Ja, her er ope kvar torsdag frå kl. 14.00-16.00 i Prestegarden. Det er ope fram til 1. mai 2026, og sommarestengt i mai, juni og juli. Etter våren tek me ei evaluering, og tek eit val om vegen vidare.

– *Flott initiativ. Tusen takk for praten.*

– Sjølv takk.

13 reglar for livet

Johannes Seim var ein klok mann. Han hadde sjølv samanfatta 13 reglar for livet. Reglane vart siterte i gravferda hans i Vinje kyrkje 14. januar. Johannes sine born har gjeve oss løyve til å trykkja reglane.

KVA LIVET HAR LÆRT MEG - LITT KVARDAGSFILOSOFI:

1. Livet er ei reise. Det er viktig å ha riktige kart.
2. Livet er vanskeleg. Men me veks på å takla vanskane.
3. Elsk livet, og livet vil elska deg tilbake
4. Du har ingenting som du ikkje har fått. Livet er ei gåve, ikkje ein rett.
5. Ta imot livet med takksemd. Guds frykt med nøysemd er ei stor vinning.
6. Det meste som hender har eg liten kontroll over, men eg kan ha kontroll over korleis eg reagerer på det.
7. Ingen menneske er like. Alle er utømmeleg spennande. Du kan læra noko av alle.
8. Alle menneske ynskjer å bli lukkelege. Også når dei tek ukloke val.
9. Ikkje skuld på andre. Å synast synd på seg sjølv er ei dårleg løysing. Å vera bitter stengjer livet ute.
10. Ikkje ta deg sjølv altfor høgtidleg.
11. Ver nysgjerrig. Der er alltid noko nytt å læra.
12. Du kan berre leva nett no. Mindfulness.
13. Sov på det.





Yrkesgrupper i kyrkja: Kva gjer me og kven er me?

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

Framover vil me ta for oss dei ulike yrkesgruppene i kyrkja lokalt for å få vita litt meir om kva oppgåver dei har og kven dei er. Det er viktig å presisera at me som arbeider i kyrkja er både svært glade for og avhengige av alle dei frivillige som stiller opp i ulike samanhengar.

KYRKJETENAR

Kyrkjetenaren har ein slags vaktmeisterfunksjon i kyrkja og arbeider med oppgåver knytte til bygget og det som skjer i kyrkja. Arbeidsoppgåver for ein kyrkjetenar kan vera:

- Klargjering av kyrkja til gudstenester, gravferder, vigslar og andre tilskipingar
- Reinhold og rydding
- Vedlikehald av utstyr og bygg og enklare reparasjonar
- Tryggleik og brannvern
- Ta vare på antikvitatar og verneverdige gjenstandar
- Ringja med kyrkjeklokkene
- Møta menneske som kjem til kyrkja på ein god måte

Ein kyrkjetenar må kunna arbeida sjølvstendig, og det er ein fordel å vera praktisk anlagt. Ein må også kunna møta menneske i ulike livssituasjonar på en god og omsorgsfull måte.

Det trengst inga formell utdanning for å bli kyrkjetenar, men det kan vera ein fordel å ha ei fagutdanning. Det er også mogleg å ta «Kirketjenerskolen», eit fjernundervisningstilbod frå KA -Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon.

Kyrkjenytt har stilt mange av kyrkjetenarane våre nokre spørsmål for å verta betre kjende med dei og arbeidet deira.

1. Kvifor valde du å bli kyrkjetenar?
2. Kva likar du best med å vera kyrkjetenar?
3. Kva likar du minst med å vera kyrkjetenar?
4. Kva tenkjer du er di viktigaste oppgåve som kyrkjetenar?

Thomas Harald Velsvik

Kyrkjetenar i Voss
Tilsett sidan: 2013

1. Eg hadde ein far som var kyrkjetenar, og tenkte at det var ein kjekk jobb. Då eg søkte på stillinga trudde eg at eg visste kva eg gjekk til. Oppdaga etter kvart at det var mykje eg ikkje visste at eg gjekk til også.

2. Jobben er veldig variert, og det tenkjer eg er bra. Det er kjekt å sleppa å gjera det same heile tida. Eg set også pris på det gode arbeidsmiljøet i staben.

3. Eigentleg likar eg alt - men når ein vaknar sundag



morgon og oppdagar at det er 40 cm nysnø, kan det vera litt trått å koma i gang.

4. Å laga klar kyrkja og vera der for dei som kjem. Eg ynskjer at dei som kjem til kyrkja skal sitja att med eit godt inntrykk uavhengig av kva arrangement dei er på.

Vahan Martinyan

Kyrkjetenarvikar i Voss og Granvin
Tilsett sidan: 2025

1. Eg likar miljøet i kyrkja, og treffer mange fine folk der. Då me budde i Sverige var eg også van med å vera i kyrkja.

2. Eg likar å organisera, kontrollera det tekniske og syta for at alt fungerer. Det er også kjekt å møta dei andre som jobbar der. I Vangskyrkja er eg mest i sakristiet. Når eg er med på seniortreffet i Vonheim får eg betre tid til å snakka med folka som kjem. Det er nyttig for



meg for å bli betre i norsk.

3. Alle oppgåvene er heilt OK for meg.

4. Eg syns alle oppgåvene er viktige. Det er som ei kjede: ulike oppgåver skal leggja til rette for at heilskapen skal bli bra.

Ingvild Baartvedt

Kyrkjetenar i Granvin
Tilsett sidan: 2021

1. Det var ganske tilfeldig, egentleg. Eg vurderte å søkja på ein kontorjobb i kyrkja, men vart for sein. Dottera mi tipsa meg

om kyrkjetenarstillinga. Vart spurd om eg var medlem i kyrkja og hadde gode norsk-kunnskapar. Det kunne eg svara bekreftande på, og så fekk eg jobben.

2. Eg likar heile atmosfæren i kyrkja. Det er ein fin plass

å vera, og det er fine folk å arbeida saman med. Eg stiller opp som kyrkjetenar på gudstenester så sant eg kan.

3. Er det nokon som syns det er kjempekjekt å vaska toalett???

4. Å leggja til rette - både før, under og etter - slik at gudstenesta glir fint og uhindra. Om vinteren må det også måkast snø slik at det er greitt å koma seg inn i kyrkja.



Nora Bjørgo Mykkeltvedt

Kyrkjetenar i Evanger

Tilsett sidan: Har i periodar vore innom som vikar og medhjelpar dei siste 10 åra. Sidan 2025 har eg hatt jobben.

1. Då eg kom inn i soknerådet og vart leiar, såg eg at det var behov for ein kyrkjetenar. Dottera mi hadde stillinga i 7 år, og då var eg med og hjelpte til litt. Slik vart eg kjend med oppgåvene - litt etter litt.

2. Alt! Eg likar både å ta ansvar for bygget, dei praktiske oppgåvene og menneskemøta. Det er ekstra kjekt når det kjem mykje folk i kyrkja, så jolaftan er fantastisk! Det er også kjekt når det kjem folk inn i kyrkja som du ikkje forventar. Eg har opplevd magiske menneskemøter i og rundt kyrkja.

3. Eigentleg ingen ting, men det er litt tungvint å levera kollekten i banken på Vangen. Heldigvis har Vipps gjort jobben litt enklare. Gravferder kan vera både utfordrande og fine på same tid. Eg er redd for å gjera noko feil i slike høve.

4. Eg tenkjer det er viktig å ta godt imot alle folka som kjem til kyrkja. Det kan også vera litt utfordrande sidan eg har praktiske oppgåver som skal gjerast før gudstenestene startar.



Anny Karin Forthun

Kyrkjetenar i Bolstadøyri

Tilsett sidan: 2017

1. Eg hadde ingen planar om å bli kyrkjetenar. Ein frå soknerådet spurde meg etter ei gudsteneste fordi han meinte eg passa til det. Eg visste ikkje heilt kva kyrkjetenarstillinga innebar, men tok utfordringa. Det har eg ikkje angra på.

2. Eg likar alle oppgåvene, og opplever at alt er like viktig og gjevande. Det er alltid kjekt når folk kjem til gudsteneste, og ekstra kjekt når det er dåp og bryllaup. Eg set også pris på det sosiale fellesskapet på kyrkjekaffien etter gudstenestene.

3. Det er vanskeleg å svara på dette. Gravferder kan vera både triste og vonde - verdige og høgtidelege på same stund. Håpar eg kan få vera med på å gjera stunda så god som mogleg.

4. Å førebu samlingane ved å leggja alt det praktiske til rette. Eg pyntar med ljøs og blomar, og fungerer også som klokkar og les samlingsbøn, bibeltekstar og kunngjeringar i gudstenestene. For å ringja med kyrkjeklokka må eg opp i tårnet og dra i snora. No har me fått høgtalar oppe i tårnet, og det gjer det lettare å fylgja med.



Nils O. Lid

Kyrkjetenar i Raundalen

Tilsett sidan: 1998

1. Jobben har vore i familien sidan 1934 då bestefar min starta som kyrkjetenar. Eg arva jobben frå far min, og fekk vera med som dreng frå eg var 10-15 år.

2. For meg er dette ein grei bijobb. Det er godt å gjera noko praktisk når ein har ein kontorjobb. Eg har kjekke kollegaer og det er sosialt og kjekt å treffa folk.

3. Hadde det vore oppgåver eg ikkje likte, så hadde eg nok ikkje halde fram i jobben.

4. Førearbeidet - det å gjera alt klart til gudstenester. Varmen må setjast på i god tid, og sjekkast fleire gonger. Erfaringsregelen min viser at me kan få kyrkja 25 grader varmare enn temperaturen ute. Det kan vert utfordrande på kalde vinterdagar. I Raundalskyrkja brukar me to vaierar for å ringja med kyrkjeklokkene. Det er litt spesielt, og tek litt tid å læra seg. Blir det automatisk ringing, så pensjonerer eg meg.

Foto: Åshild Bøe Kharazmi



Trond Olav Neteland

Kyrkjetenar i Vinje

og Oppheim

Tilsett sidan: 2021

1. Det var ganske tilfeldig, egentleg. Då kona sat i soknerådet vart eg utfordra til å gå inn i klokkarlauget. Dåverande sokneprest Cato spurde meg seinare om å vikariera for kyrkjetenar Kjell, og då Kjell vart pensjonist vart eg spurt om å halda fram i stillinga.

2. Eg opplever det som ein viktig jobb. Mange er innom kyrkja i løpet av året, og eg ynskjer å bidra til at det kan vera eit godt møte med kyrkja for dei som kjem. Gjennom jobben kjem eg i kontakt med mange, og det er aller kjekkast når det kjem mykje folk. Kyrkjetenarjobben passar også godt å kombinera med bondeyrket sidan eg kan styra arbeidstida sjølv mykje av tida.

3. Eg kjem ikkje på noko anna enn at eg går glipp av grauten heime på jolaftan.

4. Å leggja til rette for dei som skal bruka kyrkja, at det er nokolunde reint og ryddig, og at alt som trengst, anten det er alterljøs, batteri eller toalettpapir, er på plass. Eg er som regel den fyrste som kjem og den siste som går.



Tuva laga «kyrkjehistorie»

Tekst og foto: John Ove Thaule

På Vossestrand byrja me for ein del år sidan med «Juletreffestgudstenester». Gjerne då for å markera slutten av jula i samband med Heilage Tre Kongars dag på nyåret. Det vart fyrstesideoppslag og stor reportasje i Vårt Land og ideen har spreidd seg.

Men truleg har det aldri før skjedd for eit nydøpt barn å få oppleva å vera med på juletrengang på dåpsdagen

sin saman med heile kyrkjelyden! På sokneprest Arnulf Sandvik si gudsteneste i Oppheim kyrkje 4. januar skjedde dette.

Ikkje rart at Tuva på pappa Ådne sin arm tittar undrande ut i kyrkjerommet.

Nydøypte Tuva Tveite Hommedal på pappa Ådne Hommedal sin arm og sokneprest Arnulf Sandvik på juletreffestgudsteneste i Oppheim kyrkje 4. januar.



Førjolskonsert i Raundalskyrkja

Tekst: Knut Skiple

Foto: Privat

Fredag 12. desember var det konsert i Raundalskyrkja med Åshild Bøe Kharazmi som solist og tonefølgje av Gohar Marandyan og Knut Brunborg. Vidare medverka lokale spelemenn, Dagfin Kolve på trekkspel, Bjarne Kolve på bassgitar, Johnny Lemme på gitar og Torgeir Reime på toradar. Me fekk høyra Åshild framførte mange fine songar og vidare at dei lokale spelemennene framførte fleire melodiar/slåttar. Vidare var det allsong av jolesongar.

Frammøte var bra både frå folk i dalen og tilreisande, i alt var der ca. 60 personar.



Bilete frå ei øving i forkant av konserten. Frå venstre: Åshild, Knut og Gohar.

Joletreffest i Raundalskyrkja

Tekst: Knut Skiple.

Foto: Ole Kristian Tvinde

Sundag 4. januar var det joletreffest i Raundalskyrkja. På grunn av kulden måtte festen flyttast frå kyrkja til kyrkjekjellaren, som er lettare å varma opp.

Om lag 30 små og store møtte opp til gang rundt juletre, framføring av julesongar og smaking på jolekaker. Elles fekk me og sjå rollespel om dei tre vise menn som ville oppsøkja Jesus-barnet for å overlevera gåver. Me fekk også orientering om juletreet og joletradisjonar. Sokneprest Arnulf Sandvik leia gudstenesta, og Frode Vik sat ved pianoet.



Etter gudstenesta gjekk praten rundt borda, og jolekakene fekk bein å gå på.



Dei tre vise menn fylgde stjerna, og fann til slutt Jesus-barnet i krybba.

Joletrefest i Evanger kyrkje

Foto: Anny Forthun



175-årsjubileum Evanger kyrkje

Tekst: Anny Forthun

175-årsjubileet for Evanger kyrkje skal feirast 8. november 2026. Me startar med jubileumsgudsteneste med påfølgjande festmåltid i Evanger bedehus.

I anledning jubileet er det ei skrivegruppe i gang med å skriva ei bok om dei siste 25 åra. Det vart utgjeve ei jubileumbok for 150-årsjubileet i Evanger kyrkje 1851-2001:

Kyrkja, bygda og vegane dei gjeck. I den nye boka er det lagt mest vekt på dei siste 25 åra av kyrkja si historie.

Evanger og Bolstad sokneråd vil prøva å pussa opp kyrkja til jubileet, tid og økonomi legg avgrensingar på kva me kan få til. Planane har me.



Evanger musikklag og Steinar Rygg.

Jolekonsert med Evanger musikklag

Tekst og foto: Anny Forthun

21. desember heldt Evanger musikklag konsert i Evange kyrkje saman med Dale mannskor, Steinar Rygg og Kortreist. Frode Kvamsøe heldt andakt.



Ein del av Dale mannskor.

Open kyrkje Evanger

Tekst: Nora Bjørgo Mykkeltvedt

Foto: Eivind Yndestad

Då jolemarknaden i år vart lagt til sentrum av Evanger, bestemte soknerådet at det og var ein fin anledning til å halda kyrkja open. Me held same opningstid som jolemarknaden. Det var fin stemning, og me serverte gløgg, peparkaker, kaffi mm. Me var veldig glade for det gode oppmøtet. Over 60 personar, både



unge og eldre, var innom kyrkja, både laurdagen og søndagen. Det såg ut som folk kosa seg, og mange tok seg god tid inne i kyrkja. Me tolka det som at dette er eit behov som me kjem til å gjenta.

Andaktsbøker og biblar til borna på barneheimen 4P på Filippinane

Tekst: Anja Slåtten | Foto: Ann Kristin Åkerlund Riise

I Vinje og Oppheim sokn har Fredagsklubben eit eige misjonsprosjekt dei støttar. Den organisasjonen heiter 4P og er på Filippinane. Borna på barneheimen 4P fekk jula 2025 eit gåve frå

Fredagsklubben, til å handle julegåver for. Leiarane på barneheimen hadde blant anna kjøpt biblar og andaktsbøker i gåve til borna og ungdommane som bur der.



To av borna på barneheimen viser fram gåvene dei fekk.



Alle som deltok på konfirmanthelga.

Konfirmanthelg på Hermon

Tekst: Anja Slåtten

Foto: Yasmin Dregelid og Anja Slåtten

Helga 30. januar – 1. februar var konfirmantane på Vossestrand på leir til Hermon.

Dette er ein tradisjon dei har hatt i fleire år. Dagane var fylt med lek, song, andakt, konkurransar og undervisning. Mellom øktene blei det tid til bading, ski og eigentid.

Leiren vart avslutta med guds-

teneste sundag, før turen gjekk tilbake til Vossestrand.

Me har hatt eit veldig hyggjelig og minnerikt opphald. Stor takk til foreldre som var med og bidrog til at me fekk ei trygg og god helg.



Leikar på kveldane for konfirmantane.

Ljosmesse i Granvin kyrkje

Tekst: Anne Marthe Ulvik

Foto: Ingvild Baartvedt

2. sundag i advent hadde me ei stemningsfull og fin ljusmesse i Granvin kyrkje. Konfirmantane hadde på førehand pynta jolatreet, og under ljusmessa las dei tekstar, tente lys, var med på forbøn og spelte toradar. Hjarteleg takk til konfirmantane for flott deltaking og nydeleg musikk!

To av konfirmantane spelte toradar.



KONFIRMAN*

Konfirmasjon i 2027

Skal du konfirmerast i 2027?

Kjenner du ein ungdom som skal konfirmerast i 2027?

I overgangen april – mai sender me ut informasjon om korleis ein melder seg på til konfirmasjonsundervisninga og kva konfirranttida inneheld. Brev vert sendt i posten til alle me har på medlemslistene våre. (Me har bustadadresse, ikkje postboks-adresser. Dei som brukar postboks vil ikkje få brev om de ikkje gjev oss beskjed om adressa.) Informasjon om konfirmasjonsopplegget vil me òg legge på nettsida vår, slik at alle kan finne den. Hovudfristen for påmelding er i starten av juni. Ved påmelding etter fristen, vil konfirranten bli passert i gruppe som har kapasitet. **Påmeldinga skjer via nettsida vår.**



Drøyer om fredssenter for Fulanifolket

Vest-Afrikamisjonær Frode Brügger Sætre minner seg sjølv på at han må hugsa å vera takksam. Han tenkjer for eigen del, og for oss alle, at det er så lett å fokusera på problema, og så gløymer me alt me har å takka for.

Tekst og foto: Steinar Kristiansen
(omsett til nynorsk av Kyrkjennytt)


– Det er mykje eg er takksam for. Eg har hatt god helse her, og det gjer at eg kan trivast og ha det bra.

Sætre er utsending for NMS (Det Norske Misjonsselskap) blant fulanifolket. Tradisjonelt har dei vore rekna som eit seminomadisk folk med lause røter over ein stor del av Vest-Afrika. Men i slutten av juni, kan du treffa han på generalforsamlinga til NMS i Bergen. Laurdag 27. juni er han festtalar i storstova på Scandic Hotel på Flesland. Her vil han mellom anna snakka om takksemd.

Lenge arbeidde han i Mali, men ein stadig forverra tryggingssituasjon i landet har gjort at han har måtta flytta til Elfenbeinskysten, der han no har base nordvest i landet, ein misjonsstasjon eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband.

NMS-utsendinga er takksam for at Gud har leidd han til ein del strategiske personar i regionen han arbeider i. – Eg føler eg kan kvila i dei relasjonane. Han trekkjer særleg fram vennen «Seydou», ein fulaniar som har opna dører for evangeliet.

– Eg ønskjer at eg saman med «Seydou», eller fleire andre kristne fulaniar, kan byggja opp eitt eller fleire fredssenter for fulanifolket.



Ein del av Fulanifolket har etablert seg i dei tropiske grenseområda mot Guinea. Frode Brügger Sætre trivst saman med fulanifolket.

Han beskriv visjonen som ein fulaniplass med mykje dyr, for fulaniane likar dyr. Her skal vera ei moglegheit til å komma, ei open dør der folk kjenner seg velkommen, anten for kortare eller lengre tid – uansett med fokus på fellesskap.

Frode søkjer å leva etter Filipparane 2, vers 5–11, der Paulus skriv om å la Kristi sinnelag få vera i oss. Frode tenkjer at misjonsarbeidet byrjar med å stiga ned.

– Som misjonærar må me gi avkall på vår eigen kompetanse, seier han ettertenksamt og understrekar at dei gode relasjonane er prega av gjensidig påverknad.



27. juni skal Frode Brügger Sætre vera festtalar på generalforsamlingsfesten til NMS på Scandic Flesland.



Her får du informasjon om program for generalforsamlinga til NMS og påmeldingsmoglegheitene: nms.no/gf

T-dagar i kyrkjene våre

T-DAG

Desse sidene er avsett til T-dagane i Voss.

T-dagane er ein del av kyrkjeleg undervising og læring. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd på T-dagane i det siste.

T₄

Utdeling av Barnebibelen Voss sokn

Sundag 8. februar var det karnevalsgudsteneste i Vonheim med utdeling av barnebibel til fireåringane.

30 fireåringar og veldig mange andre fekk vera med på gudsteneste med songar, dramaforteljing om då Jesus gjekk på vatnet, korsong av MiniMidiSing, bønner og kyrkjekaffi med bollar og pinjata.



T₁₀

Kristuskransen- Voss sokn

10. februar var ni born med på T10-dag om Kristuskransen i Vinje kyrkje. Borna kom rett frå skulen, fekk seg litt mat i kroppen og så gjekk me rundt i kyrkja på ulike postar for å samle perler for å laga vår eigen Kristuskrans.

Dagen etter, 11. februar, var tolv born med på T10 i Vangskyrkja. Med hjelp av konfirmantar og frivillige fekk borna kjeke timar i kyrkjene våre. Det var god stemning og nyfikne born med på begge dagane.

Oppheim og Vinje sokn



Voss og Raundalen sokn



Evanger og Bolstad sokn

T₄ Utdeling av Barnebibelen

Første søndag i advent var det gudsteneste med T-dagar for 3-, 4- og 5-åringane i Bolstadøyri bedehus. Under gudstenesta fekk fireåringane utdelt kvar sin barnebibel.



T₃

Frøde Kvamsøe har undretur og fortel om bedehuset til 3-åringane. Jostein Forthun er med opp i tårnet, der kyrkjeklokka er. Den har to tau som det vert trekt i for å få ringjelyd. Kyrkjeklokka kom i 1926, då var den i eit kyrkjetårn ute på bedehusbakken. I 1966 vart det gjort ei stor omvøla av bedehuset på Bolstadøyri, deriblant vart det bygd klokketårn på sjølve bedehuset og der heng klokka høgt og fritt og er i bruk den dag i dag. Kyrkjeklokka er støypt i 1911.



T₅

Det er 1. søndag i advent, og me lagar jolekrybbe som skal brukast i heimen i adventstida og i jola. Kvar søndag fyller ein krybba med gjetarar, dyr, englar, og til slutt Maria, Josef og sjølve Jesusbarnet. Me får tilbakemelding om at jolekrybbene som me lagar på T5 rundt om i kyrkjene, vert tekne fram kvart år i veldig mange heimar på Voss. Det er kjekt og verdifullt.



Foto:
Anny Forthun



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!



Kyrkjenytt for Vossabygdene

Kyrkjenytt går inn i sin 85. årgang. Også i år kjem det ut fire nummer: påskenummeret som du held i handa, pinsenummer, haustnummer og Jolekveld i kyrkjelyden.

I år feirar to av kyrkjene våre jubileum: Granvin kyrkje feirar 300-årsjubileum 13. og 14. juni, og Evanger kyrkje feirar sine første 175 år 8. november. Det vert difor naturleg at Kyrkjenytt har ekstra fokus på desse to kyrkjene og jubileumsfeiringane deira i 2026. Me startar også ein ny serie der me vil presentera dei ulike yrkesgruppene i kyrkjene i Voss herad.

Takk til dykk som sender inn både tekstar og bilete til Kyrkjenytt, og til bedriftene som annonserer i bladet!

Redaktøren

Bladpengar 2026

Kyrkjenytt går ei usikker framtid i møte. Økonomien til Voss kyrkjelege fellesråd er utfordrande, og Kyrkjenytt hadde eit underskot på vel 250.000,- i 2025. Me ynskjer å halda fram med å gje ut bladet i papirform, og håpar du kan tenkja deg å betala bladpengar for 2026 på kr 350. Det er sjølv sagt høve til å endra beløpet på giroen. Ynskjer du å gje ei gåve i tillegg, er me takksame for det. Syns du 350 kroner er mykje, kan beløpet reduserast etter ynskje. Det vert trykt giroar i alle fire nummer, så det er også mogleg å dela opp bladpengebetalinga.

Hjarteleg takk for ditt bidra til Kyrkjenytt. All økonomisk støtte, uansett storleik, kjem godt med i utgjevinga av bladet vårt!

**Bladpengar og gåver kan også sendast til Kyrkjenytt sitt
Vippsnummer 568391**

Kvittering

Innbetalt til konto

3480 16 45293

Beløp

350,00

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6061156869

Betalingsinformasjon

Faktura 9846
Bladpengar 2026
Beløpte kan endrast.

GIRO

Underskrift ved girering

Betalingsfrist

20.04.2026

Betalt av

Mottakarar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrkjelege fellesråd
Postboks 49
5701 Voss

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

20039098460

Kroner

350

Øre

00 < >

Til konto

3480 16 45293

Blankettnummer

<6061156869>

Din røyrliggjar i sentrum Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995	 Voss Møbel & Trevareverkstad AS Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker Tlf. 56 52 10 10 www.vmt.no
O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	norli Norli Vossevangen Vangsgata 27, 2700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	Vekselbanken Ein god medspelar Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor	 vinjo
 Voss Energi -rein vossakraft!	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK post@vossabanken.no 56520300
Vossabakst Velkommen til oss i Vangsgata 38! www.vossabakst.no	VOSS KOMMUNIKASJON Me leverer trygg IT og kommunikasjon med kunden i fokus. post@vossk.no Tlf. 56 52 30 30	Garn Senter  garnsentervoss VANGSGATA 50 TLF. 56 51 16 62



Reidar Reime si bok om **Raundalskyrkja - 100 år** er til sals på kyrkjekontoret. Pris kr 275,-

Voss kantori (VOK)

har dei siste åra hatt få medlemmer.

Me er ei lita gruppe som møtest kvar tysdag i Vangskyrkja fordi me håpar og ønskjer at koret ikkje skal leggjast ned.

Dersom me skal fortsetja, treng me sårt nye og yngre medlemmer som vil vera med og driva koret vidare.

Ta kontakt med organist Gohar Marandyan (tlf. 482 26 390) om du ønskjer meir informasjon.

Eller rett og slett:

Møt opp i Vangskyrkja tysdagar kl. 18.30!

Minneord

Johannes Melve 1943-2026

Johannes Melve var fødd heime på Melve i 1943. Han var nr. 7 i syskenflokk. Foreldra hans var Sigvor og Brynjulv Melve. Han gjekk på landsgymnasiet på Voss. Her var han ivrig med i det kristelegge skulelaget «Solglytt». Det siste skuleåret fekk han eit kall til å studera teologi og verta prest. Han byrja på Menighetsfakultetet hausten 1962.

Den same sommaren møtte Johannes Borghild. Dei gifta seg i 1966 og Borghild arbeidde som lærar fram til Johannes var ferdig utdanna. Johannes vart ordinert i Vangskyrkja 28. desember i 1969. Deretter følgde mange travle år i prestetesta. Han byrja som feltprest for befalskulen og fall-skjermjegerskulen på Trandum. Deretter vart Johannes sokneprest i Skjerstad og Beiarn i Salten. I 1980

starta Johannes som sokneprest i Ulvik og Granvin.

Dei hadde då borna Ingrid og Brynjulv. Jørgen, Sigvor og Odd Bendik vart fødte medan dei budde i Ulvik. Frå 1997 var Johannes sokneprest i Osterøy fram til han vart pensjonist. Johannes var ein aktiv pensjonist og heldt fram med presteteneste både i Sogn og på Voss. Som prost er eg takksam for tenesta han gjorde her.

Johannes var aktiv idrettsmann og hadde god helse, men dei siste 7 åra vart han meir og meir avhengig av andre. Kona Borghild stod ved sida hans og var flink til å ringa prestekontoret når Johannes trengte ei gudsteneste, anten det var i heimen eller på sjukeheimen.

For meg er det eit sterkt minne om Johannes siste gong me hadde gudsteneste i lag på sjukehuset. Eg fekk tilseie han forlating for syndene og me delte nattverdmåltidet i lag. Nokre av dei siste ord Johannes høyrde var Herrens velsigning. Like etter at eg forlét rommet, så sovna Johannes inn.

Teksten eg brukte til preika under gravferda var 2. Timoteus 4,6-7: «tida er komen då eg skal fara herifrå. Eg har stridd den gode striden, fullført løpet og halde fast på trua».

Vi lyser fred over Johannes Melve sitt minne.

**Arild Hellesøy,
prost**

Framtidsvon

No er me i starten av eit nytt år
Nye sjansar etter gamle sår
Ver snill mot deg sjølv
Du er god nok som du er
Sprei kjærleik og lys -
kan henda kan me få ei betre verd
Dette er året at skjulte
sannheiter vil koma fram
som eit skred,
me ynskjer oss berre ein verden
i harmoni, kjærleik og fred.

05.01.26

Nora Bjørge Mykkeltvedt



Der nede

Der nede ligg dei
som har funne si seng
dei søv mellom blomar
i den grøne eng
Lat freden råda natt og dag
sei takk for tida
me fekk vera i lag
For tida er evig
som ein svevn utan stopp
medan sola står opp for den slitne kropp
På steinar står namna
vi kjenner så godt
vi stoppar og kviskrar
kvil i fred mine kjære

Utsikt frå Miltzovgata 01.05.25.
Marta Lindland



Foto: Den norske kirke /
Helene Moe Slinning



OPPSLAGS-

Open møteplass

i Prestegarden

kvar torsdag kl. 14.00-16.00.

Sosialt fellesskap - enkel servering

Hjarteleg velkomen!

Seniortreff

i Vonheim tysdagar

kl. 12.00-14.30



17.03. Høyrsele, hjelpemiddel og rutinar
v/ergoterapeut Sigrd Norheim Folkestad

14.04. Ynsjekonsert v/Odd Hagen

05.05. Havrátunet v/Bente Daltveit

Pris kr. 150. Skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrd D. Mala. Tlf. 478 49 134.

Sorggruppe

i Prestegarden
måndagar kl. 18-20.

- 30. mars
- 20. april
- 11. mai



Kontaktpersonar: Anja Kristin Slåtten. Tlf. 417 04 958.

Sigrd Djukastein Mala. Tlf. 478 49 134.

Bibel & Misjon



i Prestegarden onsdagar kl. 19.00-21.00

25.03. Genesis/1. Mosebok (del 6)

19.04. Misjonsgudsteneste og misjonsfest

i Vonheim kl. 11.00

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen. Tlf. 906 18 125.

Føremiddagstreff i Raundalskyrkja



onsdagar kl. 11.00:

- 8. april
- 13. mai

Enkel lunsj.

Vel møtt!

Eldretreff i Evanger bedehus

torsdagar kl. 11.00:

- 19. mars
- 16. april

På eldretreffet vert det underhaldning, god mat
og alltid gode kaker til kaffien.

Heimebesøk

Er det vanskeleg for
deg å koma til oss,
kjem me til deg.



Kontakt: Diakonimedarb. Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958.

Diakon Sigrd D. Mala, tlf. 478 49 134,

eller ein annan av våre tilsette.

Treng du nokon å snakka med? Me vil gjerne vera her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka
om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar
har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:

Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no.

Sigrd D. Mala. Tlf. 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no.

TAVLA



Voss søndagsskule

26.04. kl. 11.00 i Vangskyrkja

Bolstadøyri søndagsskule

22.03. kl. 11.00-13.00. Tema: Påske

Kontaktperson: Anny Karin Forthun. Tlf. 481 36 520.



Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

17/3 | 21/4



Meir informasjon på Facebook-gruppa
"Supertysdag på Voss - foreldregruppe"

Tweensklubb

for 5.-8.-klassingar

søndagar kl. 11.00:

12.04. i Vangskyrkja

26.04. i Vangskyrkja



Kontaktperson: Vette Leksbø. Tlf. 947 93 477.

KRIK

KRISTEN IDRETTSKONTAKT

KRIK Voss

22.03. Årsmøte kl. 18.30 i Nain.

KRIK-trening kl. 19.30-21, Vangen skule.

Kontaktperson: Vette Leksbø. Tlf. 947 93 477.

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

17.04. | 08.05.

Kontaktpersonar: Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958.

Gro-Marie Samland. Tlf. 479 07 900.

Mini Midi Sing

Vangskyrkja

øver i Vangskyrkja

tysdagar kl. 17.15-18.30.

Alle songglade born frå 4-13 år er velkomne!

Kontaktperson: Åshild Bøe Kharazmi. Tlf. 952 98 681.

E-post: ak649@kyrkja.no.

Refleks Ten Sing

øver i Vonheim

torsdagar kl. 18.00-20.30.

Ungdom frå 13-20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Ingrid Tønnesen. Tlf. 480 31 200.



VOK

Voss kantori

øver i Vangskyrkja

tysdagar kl. 18.30-20.00

Songglade vaksne i alle aldrar
er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.

E-post: gm282@kyrkja.no



Dåpskjolar og brurekrone på Vossestrand

Vinje Sokn har fått nydeleg dåpskjole i gåve frå Bygdekvinnelaget. Det er såleis dåpskjolar til utlån både på Oppheim og på Vinje.



Dåpskjolane ligg oppbevarte i kyrkjene, og kan lånast på kort varsel. Kontakt Oppheim/Vinje sokneråd eller prest for å avtala utlån.

Vinje Sokn har brurekrone til Vossabunad til utleige. Krona var ei gåve til bygdefolket og Det Norske Misjonsselskap frå Ingeborg Tveite i Myrkdalen i 1955, og var lenge eigd av eit legat. Legatet er no oppløyst og krona er gjeven vidare til Vinje Sokn. Krona er oppbevart i bankboks, og må tingast i god tid før bruk.

Sokneråda på Vossestrand har godt samarbeid med Bygdekvinnelaga, og dei hjelper til ved utlån av dåpskjolane og ved utleige av brurekrona (dei har brurebunad til utleige).

Dåpskjolar til utlån på Voss

Kyrkjekontoret for Voss har tre nydelege dåpskjolar som me låner ut til dåpsseremoniar i kyrkja, for dei som ynskjer det og ikkje har kjole sjølv. Me har både rosa og blått band og fleire huer.

Tilbodet er gratis!

Dersom de ynskjer å låna dåpskjole, kan de kontakta oss på e-post post.voss@kyrkja.no eller tlf. 56 52 38 80. Kjolen kan prøvast på kyrkjekontoret, og utlånet gjeld på sjølve seremonien i kyrkja. Me tek oss av klargjering i forkant og vask/rens i etterkant.

Meir informasjon om dåp finn de på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp.

Velkomne til dåp!



T-dagar våren 2026

Skann qr-koden for å få oversikt over planlagde T-dagar framover.

Invitasjonar vert sendt i posten og lagt ut på heimesida vår.



T5
T6
T7
T8

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18 T1 T2 T3 T4

Festeavgift på gravplassen

No utover våren vert tilbod om å festa graver sendt ut. Dei første 20 åra ei grav er i bruk er fritaken for festeavgift. Mange ynskjer å behalda grava utover friperioden på 20 år. Dette har ein høve til mot betaling av ei årleg festeavgift. Heradsstyret har vedteke årleg sats for 2026 til kroner 600 for kistegraver og kroner 300 for urnegraver. Ynskjer ein å festa ei grav utover 60 år vert festeavgifta dobla. Om ein ikkje ynskjer å festa ei grav utover friperioden på 20 år er det viktig at me får melding om



Gravplass i Voss

dette. Sjå skjema for oppseiing av grav og anna info på heimesida vår www.voss.kyrkja.no

Tilskot til kremasjon

På gravplassen i Granvin er det utfordringar med få ledige graver og ulendt terreng. Til dei som vel bisetjing og kremasjon vert det difor gjeve eit tilskot på kr 10.000. Denne ordninga gjeld berre for Granvin.

Kyrkjeverja

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

09.11.2025	Mathias Hirth Dugstad
23.11.2025	Sivert Akselberg Lid
	Aria Trondsen Hauso
	Eirik Tårland Storegjerde
	Eva Sævig Trå
	Gabriel Turtveit Fenne
	Mons Ringheim
	Odin Agledal
07.12.2025	Jarand Himle Odde
	Mikkel Rykke Hosås
21.12.2025	Tuva Farestveit
11.01.2026	Hedda Hårklau Rykkje
18.01.2026	Josefine Sleire Eikenes
	Magnus Skjerven
	Oskar Evans Røthe
	Synva Kvarme Løne
01.02.2026	Olav Rogne Pedersen
	Theo Kvåle
15.02.2026	Emma Gjerde Nornes
	Isak Fletre Hesjedal
	Johanne Hegranes Matland
	Kaia Gjerde
	Linnea Bolstad Liland

Voss sokn:

15.02.2026	Liva Vinje Garen
	Oskar Rørlien Våge
22.02.2026	Iven Væhle Jordal
	Hedda Oppheimsvangen Remme
	Ida Rong Slåtten

Granvin sokn:

23.11.2025	Isabel Holven Midtun
18.01.2026	Magnus Raa Spildo

Oppheim sokn:

22.11.2025	Tuva Noble Mongstad
04.01.2026	Tuva Tveite Hommedal
11.01.2026	Kaia Schulz Tveite
	Kristin Ure
15.02.2026	Lars Kvarme Ure
	Theodor Dugstad

Raundalen sokn

25.01.2026	Benjamin Bøe
------------	--------------

VIGDE

Voss sokn:

31.12.2025	Marita Hagerup og Johannes Skjerve
------------	------------------------------------

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

22.10.25	Hanna Rogne	f. 1927
24.10.25	Theodor Mørkve	f. 1936
24.10.25	Gunvor Slettemark	f. 1946
28.10.25	Ove Bystøl	f. 1951
30.10.25	Aslaug Elida Væhle	f. 1933
31.10.25	Sigmund Bjørke	f. 1963
31.10.25	Linn Steinsland	f. 1988
03.11.25	Ivar Trå	f. 1936
08.11.25	Bjørge Hegg	f. 1937
18.11.25	Kåre Røthe	f. 1938
21.11.25	Per Tøn	f. 1932
27.11.25	Asle Bergstrøm	f. 1941
28.11.25	Johanna Hefte	f. 1922
04.12.25	Morten Hellgren-Hansen	f. 1958
06.12.25	Bjørn Magne Bakke Austevoll-Bryn	f. 1977
14.12.25	Jon Årekol	f. 1932
18.12.25	Øistein Magnussen	f. 1943
21.12.25	Nils Nyre	f. 1943
22.12.25	Bjørge Sigfrid Stalheim	f. 1941
23.12.25	Arne Tyssebotn	f. 1944
30.12.25	Svanhild Karin Gjøsstein	f. 1948
31.12.25	Målfrid Småbrekke	f. 1933
01.01.26	Kjell Norvald Hårklau	f. 1949
05.01.26	Johannes Nummedal	f. 1938
10.01.26	Magdalene Grimstad	f. 1930
13.01.26	Reidar Ringheim	f. 1936
18.01.26	Jan Fostervoll	f. 1952
27.01.26	Johannes Melve	f. 1943
28.01.26	Sølvi Alvhilda Stalheim	f. 1943
01.02.26	Olav Mikal Bystøl	f. 1948

Voss sokn:

01.02.26	Godtskalk Eide	f. 1938
03.02.26	Liv Greve Gjernes	f. 1941
03.02.26	Ove Harald Himle	f. 1954
03.02.26	Bjørge Midthun	f. 1937
05.02.26	Anne Lise Jordal	f. 1946
08.02.26	Tordis Midttun	f. 1929

Evanger og Bolstad sokn:

22.10.25	Ingmar Mykkeltveit	f. 1944
24.11.25	Borgny Geitle	f. 1927

Granvin sokn:

28.10.25	Magne Tjodolv Hallanger	f. 1936
08.11.25	Turid Dagrun Haugen	f. 1952
08.12.25	Arnstein Karlsen	f. 1959
25.12.25	Reidun Holven	f. 1951
23.01.26	Oddny Espeland Ystanes	f. 1953
01.02.26	Anna P Aga	f. 1942

Oppheim sokn:

21.12.25	Arnild Haugen	f. 1945
08.01.26	Jon Horvei	f. 1948

Raundalen sokn:

05.11.25	Margit Bergstad	f. 1929
05.02.26	Målfrid Kolve	f. 1949

Vinje sokn:

24.10.25	Olav Herheim	f. 1938
19.11.25	Sverre Kvarme	f. 1938
01.01.26	Johannes Seim	f. 1948
18.01.26	Olav Nesheim	f. 1942

Gudstenesteliste

INFORMASJON

Kyrkjentytt for Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Bolstadøyri bedehus

19.04. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe
17.05. kl. 10.30 Festgudsteneste.

Evanger kyrkje

29.03. kl. 11.00 *Borna si påskevandring* med dåp og nattverd v/Kvamsøe.
03.05. kl. 14.00 Gudsteneste med dåp og nattverd v/Kvamsøe.
17.05. kl. 12.30 Festgudsteneste.

Oppheim kyrkje

05.04. kl. 11.00 Påskedagsgudsteneste med dåp og nattverd v/Sandvik.
17.05. kl. 12.00 17. mai-gudsteneste v/Skeie.

Vinje kyrkje

02.04. kl. 20.00 **Helgatun:** Nattverdsgudsteneste v/Øystese.
03.04. kl. 20.00 Påsken i ord og tonar v/Øystese.
17.05. kl. 09.45 17. mai-gudsteneste v/Skeie.

Raundalskyrkja

03.04. kl. 12.00 **Brekkestølen:** Friluftsandakt v/John Ove Thaule.
05.04. kl. 10.00 **Mjølfjell kapell:** Påsegudsteneste v/Skeie.
14.05. kl. 11.00 Konfirmasjon v/Sandvik.
17.05. kl. 13.00 17. mai-gudsteneste v/Hellesøy.

Vangskyrkja

22.03. kl. 11.00 Barnas påskefest - T7. Familiegudsteneste m/nattverd v/Leksbø og Skjeldal.
29.03. kl. 11.00 Jazzmesse med nattverd v/Küspert.
02.04. kl. 19.00 Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd v/Küspert.
03.04. kl. 11.00 Langfredagsgudsteneste v/Leksbø.
04.04. kl. 23.00 Påsenattsmesse v/Leksbø.
05.04. kl. 11.00 **Hamlagrø bedehus:** Høgtidsgudsteneste v/Skjeldal.

Vangskyrkja

05.04. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Küspert.
06.04. kl. 19.00 Gudsteneste med konfirmantdåp v/Küspert, Leksbø og Skjeldal.
12.04. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd og tweensklubb v/Küspert.
19.04. kl. 11.00 **Vonheim:** Misjonssundag – familiegudsteneste med nattverd v/Leksbø og Landy Bakke frå NMS. Misjonsfest.
26.04. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp, søndagsskule og tweensklubb v/Hellesøy.
02.05. kl. 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Küspert, Leksbø og Skjeldal.
02.05. kl. 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Leksbø, Küspert og Skjeldal.
03.05. kl. 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Leksbø, Küspert og Skjeldal.
03.05. kl. 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Küspert, Leksbø og Skjeldal.
09.05. kl. 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Leksbø, Küspert og Skjeldal.
09.05. kl. 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Küspert, Leksbø og Skjeldal.
10.05. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Leksbø, Küspert og Skjeldal.
14.05. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Küspert.
17.05. kl. 11.00 17. mai-gudsteneste v/Hellesøy.

Granvin kyrkje

02.04. kl. 18.00 Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.
05.04. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.
26.04. kl. 11.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane v/Ulvik.
03.05. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Ulvik.
17.05. kl. 11.00 Festgudsteneste.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!

Følg med i avisa Hordaland eller i kalenderen på www.voss.kyrkja.no.

Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no.



TAKK

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeve til kyrkjemusikalsk arbeid i høve **Hermund Slaattelid** si bisetjing.

Kyrkja i Voss